



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

**Deres ref.**

**Vår ref / Saksbehandler**  
16/1722-2 033 &13  
Mats Kvaløy-Bjørbekk / tlf.

**Dato:**  
20.05.2016

## **HØYRING - RÅD I KOMMUNER OG FYLKESKOMMUNER FOR UNGDOM ELDRE OG PERSONAR MED FUNKSJONSNEDESETJING**

Fagforbundet takkar for invitasjonen til å kome med innspel, og vil nedanfor kome med merknadar til en ny føresegn i kommuneloven om medverknadsorgan for ungdom.

### **Innleiing:**

Fagforbundet viser til tidlegare høyrings svar der vi går inn for at medverknadsorgan for barn og ungdom skal vere obligatoriske over heile landet, samstundes er vi no positive til forslaget frå departementet om lovfesta nasjonale minstekrav til eksisterande medverknadsorgan. Det vil kunne bidra til å sikre kontinuitet og velfungerande ungdomsråd og liknande organ der dette allereie finst. Vi er positive til at organa får heimel i ei ny føresegn i kommuneloven heller enn i ein særlov.

Minstekrava bør ha som mål å syte for medverknadsorgan som gir ungdom oppleving av reell og meiningsfull medverknad. Mangel på systematisk involvering, og stor avstand mellom innleiande forhåpningar om medverknad og opplevd reell moglegheit til å øve påverknad, kan verke demobiliserande. Det kan vanskeleggjere nyrekruttering til medverknadsorgan, og ha negative effektar for haldningar til demokratisk deltaking hos den enkelte i seinare livsfaser.

Samstundes bør det leggest særskilt vekt på breiast mogleg rekruttering, representativitet og innrettingar for å motverke tendensar til eliteseksjon.

Fagforbundet sluttar opp om forslaget til lovtekst, men har innspel til merknadane til lovforslaget og til den skisserte føresegna.

## **2. Merknad til lovforslag**

### **2.1 Avgrensing av deltaking til personar under 18 år**

Departementet foreslår at ungdomsråd skal ha ei øvre aldersgrense på 18 år, men at ungdom som fyller 19 eller 20 i løpet av valperioden skal kunne sitje ut perioden. Fagforbundet meiner ei slik avgrensing vil vere uheldig. Medverknadsorgan bør ha som

rolle å kanalisere unges interesser og særlige perspektiv, ei aldersgrense ved 18 år vil særleg ekskludere ein del unge som enno er i fag- og yrkesopplæring.

Ungdom som er over stemmerettsalder er mindre delaktige og underrepresenterte i lokaldemokratiet og i lokale beslutningsorgan. Dette omfattar blant anna unge over 18 år som enno er i vidaregåande skule, eller i yrkesretta opplæring ved bedrift eller anna verksemd. Ved kommune- og fylkestingsvalet i 2015 utgjorde førstegangsveljarar (18-19 år) i alt 3,3 prosent av alle med stemmerett. Gruppene 18-19 år og 20-24 år er også dei som har den klart lågaste valdeltakinga. Dessutan er personar mellom 18 og 29 år den aldersgruppa som har færrest plassar på partias vallister. Dette kan tale for involvering av ungdom over stemmerettsalder i brukardemokratiske organ for ungdomsmedverknad sjølv om desse også har formell tilgang til valkanalen.

Vi viser også til at det i norske ungdomsorganisasjonar, herunder også ungdomsgrainene av fagforbund, blir operert med øvre grense for kva ein rimeleg reknar som ungdom som ligg over stemmerettsalder. Tildelingskriteria til støtteordningar til barne- og ungdomsorganisasjonar inneber for eksempel at medlemmar blir rekna som ungdom og gir rett til støtte inntil fylte 26 år. Vi vil dessutan vise til elev- og lærlingomboda i Akershus, Aust-Agder, Buskerud, Hedmark, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Oppland, Oslo, Rogaland, Sør-Trøndelag, Telemark, Vest-Agder, Vestfold og Østfold. Desse åttvåra i ei felles høyringsfråsegn som blei gitt på forslag om lovfesting av medverknadsordning for ungdom i 2013 om at ei øvre aldersgrense ved 18 år i praksis vil ekskludere mange ungdommar i vidaregåande opplæring. Dei tilrådde å vurdere ei høgare aldersgrense for å syte for at ingen unge som er i vgo blir ekskluderte frå å delta i ordninga for medverknad.

Det kunne eventuelt overlatast til kommunane å vedta egne øvre aldersgrenser.

### **3. Merknadar til skissert føresegn**

#### **3.1 Representasjon**

Fagforbundet meiner det må vere eit særskilt mål å syte for brei og inkluderande representasjon, og at føresegna bør omtale dette. NOU 2011: 20 *Ungdom, makt og medvirkning* konstaterer ei sosialt skeiv rekruttering til ungdomsråd og liknande ordningar for ungdomsmedverknad lokalt. Utvalet trekk fram som utviklingstrekk at såkalla ressurssterk ungdom er stadig meir overrepresenterte i barne- og ungdomsorganisasjonar, og at nokre sosiale gruppe fell utanfor meir systematisk enn tidlegare. Målretta tiltak for brei rekruttering til organ for ungdomsmedverknad bør sjåast i samband med ambisjonar om ei likare fordeling av goder som følgjer med demokratiske deltaking, liksom tilgang til nettverk, læring, personleg vekst o.l. Unge blir rekrutterte gjennom sosiale nettverk, og dersom ein som ung ikkje har tilgang til organisasjonsrelevante nettverk, kan dette bidra til større sosial ulikskap og marginalisering seinare i livet. Vi viser også til at Lokaldemokratikommisjonen (NOU 2006:7) særskilt streka under behovet for «tiltak som får i tale dei som har vanskar med å bli høyrde i demokratiske prosessar, og ikkje nødvendigvis dei som ropar høgast».

Som hovudregel bør ungdom få velje sine egne representantar og representantane haldast ansvarlege av dei som vel dei. Dette er viktig for å trygge legitimiteten til organa, og for å gi øving i praktiseringa av sentrale demokratiske prinsipp. Samtidig er det etter

Fagforbundets syn akseptabelt at administrasjonen og folkevalte har forslagsrett til medverknadsorgana, og dette burde grunnigst særskilt i behovet for å motverke elitesleksjon og sikre sosialt og kulturelt brei og inkluderande representasjon.

### **3.2 Opplæring, støtte og arbeidsform**

Ungdomsmedverknad må bygge på ei forståing av at dei unge har unike kunnskapar, perspektiv og idear som kan styrke lokaldemokratiet, og gi politiske vedtak som betre svarar på problem og behov innbyggerane har. Samtidig er deltaking i medverknadsorgan for mange unge det første møte med det politiske styringssystemet, og eit reelt høve til medverknad fordrar derfor at blir gitt tilstrekkeleg opplæring og administrativ støtte. Det bør derfor slåast fast i føresegna at kommunal og fylkeskommunal administrasjon har ansvar for dette. Opplæring og støtte bør vere slik at det legg til rette for at ungdom med ulik sosial og kulturell bakgrunn, samt funksjonevne, har reelt og likeverdig høve til å medverke.

Ei føresegningsfesta standardisering av arbeidet i organa må ikkje resultere i unødvendig ekskluderande arbeidsformer eller arbeidsmengder.

Med hilsen  
FAGFORBUNDET

Jan-Tore Strandås  
(sign)  
fagleder

Mats Kvaløy-Bjørbekk  
(sign)  
rådgiver

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Fagforbundet og har derfor ingen signatur.*